



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1641 - 17/10333

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
23.08.2017

Byggesak Gbnr 17/1 Rossnes - kjørbar gangsti - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.08.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søkt tiltak ligg i regulert område for Rossnes (Arealplan-ID: 12601982000200) som har arealføremål gangveg i jordbruk/skogbruk område (LNF-område i høve kommuneplan). Det må derfor også søkjast dispensasjon i frå formål i plan.
2. Då deler av vegen er i ein avstand til sjø mindre enn 100 meter, må det søkjast dispensasjon frå plan- og bygningsloven § 1-8.
3. Gangveg for avkjørsel til fylkesveg 409, det må søkjast statens vegvesen om løyve til avkjørsle.
 - Det gjerer oppmerksom på at bygga i og rundt kai er sefrak registrert (kulturhistorisk register), det er også rester av gammalt landbruk i og rundt gangstien. Søknaden vil derfor bli sendt til fylkeskommunen sin kulturminneavdeling på høring.
 - Arkoconsult v/ Yvonne Bruvik Hauge informerte på tlf, den 24.08.2017 at vegen er i bruk som kjørbar tilkomstveg til fritidsbustader. Er formålet ved søknaden å leggja til rette for permanent kjørbar tilkomstveg, må dette søkjast om.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.09.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hermund Sigfred Linde Våkleivbakken 98 5155 BØNES

Mottakarar:

Arkoconsult AS Postboks 103 5291 VALESTRANDSFOSEN